



**MØTEBOK  
HARDANGER UNGDOMSRÅD**

**Mandag 15.01.18 i Kommunehuset i Eidfjord kl. 10.00 – 14.30**

**Til stades:**

Jondal kommune:	Ungdomsrådsleiar Tiril Eiken
Eidfjord kommune:	Ungdomsrådsleiar Oda Medhus
Ulvik herad:	Ungdomsrådsleiar Bjørk Thorbjørnsen
Granvin herad:	Ungdomsrådsleiar Marte Kristoffersen
Kvam herad:	Ungdomsrådsleiar Elias Selvik Undal
Kvam herad:	Ungdomsrådsnestleiar Lena Tufte
Ullensvang herad:	Ungdomsrådsleiar Olav Riber Østlie
Odda kommune:	Ungdomsrådsleiar Ellen Marie Mastelero Strand
Odda kommune:	Ungdomsrådsnestleiar June Kleppe

**Andre:**

Eidfjord kommune	Bergljot Marie Veivåg
Kvam herad	Jorunn Kristine Drægne Mæland
Jondal kommune	Arnved Soldal Lund
Granvin herad	Siri Stuve
Odda kommune	Bodil Skjerven
Hardangerrådet	Trude Lægreid Rinaldo

**Viktig melding:**

**Neste Hardanger Ungdomsrådsmøte vert torsdag 8. februar 2018 i Ulvik.  
(HU 5.3.18 avlyst)**

**Hardanger UngdomsTING er utsett til fredag 9. mars 2018 i Granvin**

**HU-sak 01/18**

**Hardanger UngdomsTING 2018 i Granvin**

Hardanger vert utsett til fredag 9. mars kl 0900-1500.

Då kjem også stortingsrepresentant Kjersti Toppe til møtet.

Det vert ikkje store endringar i programmet, berre tema 1 og tema 2 byter plass.

Programmet ser slik ut:	09 00	Registrering og noko å bite i
	09 30	Verta kjend
	10 00	<b>Korleis kan ungdom påverka endring?</b>
	10 30	<b>Ambulanse</b>
		Innlegg ved stortingsrepresentant Kjersti Toppe
		Innlegg om «First responder» i Samnanger ved
		Dialog og debatt med ordførarane m fl.
	12 00	Lunsj
	12 45	Leik: «Påstandar» med alle ungdommane og ordførarane
	13 00	<b>Hardanger mot 2020</b>
		Dialog og debatt med ordførarane m.fl.
	14 30	Oppsummering

- Helseføretaka vert også invitert til HU TING i Granvin.

## Korleis kan ungdom påverka endring

Mykje vert bestemt «i rom og forum som dette»: i ein kommunestyresal av kommunestyret. F. eks: Kven bestemmer at ein skule skal leggest ned eller ikkje? Det er ikkje vanleg at ungdom vert teken med på dette.

Kan ungdom «læra» å verta høyrte?

Korleis arbeida for å verta høyrte. Kven tek ungdom med i planarbeid? i sakshandsaming? ...

No står kommunane over for ein stor reform, som påverkar alle kommunane, både dei som skal slå seg saman, og dei som ikkje gjer det. Det påverkar også Hardangerrådet og regionssamarbeidet. Korleis kan ungdom vera med og påverka?

F. eks det som har engasjert ungdomsrådet mest i Ullensvang er skulesamanslåing og endring av rammer for tradisjonsfestar. I begge sakene var ungdom med og påverka utfallet, så det nyttar!

Hardanger ungdomsråd har vore med på og påverka politiske saker:

- Forslag om endring av rammer for bortebruarstipend ikkje gjennomført
- Hardanger fekk behalda kontor for tannhelse, sjølv om dei var føreslegne nedlagde.
- 

## Hardanger Ungdomsråd ser mot 2020

**HU** har sett seg opp nokre tankar om mål for framtida i Hardanger.

Ber alle råda førebu seg og senda denne informasjonen med leiar på neste møte i Hardanger Ungdomsråd, som er 8. februar 2018.

Tankar om Hardanger mot 2020:

- Helse og kollektivtransport er viktig
- Busstilbudet på begge sider av fjorden.
- Ønskjer ikkje og verta sentralisert.
- Oppretthalda vårt kulturskuletilbod. At ikkje dette vert flytta til eit framtidig kommunesenter
- Det et må vera slik at kommunane samarbeider med for eksempel Kvam, sjølv om no vert samanslått med Ullensvang og Odda. Kva konsekvensar får dette for framtida?
- Då må me i alle fall sikra at samarbeidet vert slik at me alle vil samarbeida.
- Viktig at utkantane også vert representert i eit framtidig råd. Korleis vekta /ha val på representantar? Kan me ha kvotar? Kan kvar skule velja ein representant?

## For eksempel kan mål om framtida sjå slik ut:

1. Me vil ikkje verta sentralisert. Det er særst viktig at f. eks kulturskulen ikkje vert sentralisert.
2. Har mål om og oppretthalda helsetilbod.
3. Har mål om og forbetra kollektivtransport.
4. Vil vera med og bestemma korleis ein i framtida vel representantar til ungdomsråd i regionen etter 2020. Korleis få alle utkantar representert?

## Påstandsleiken

Påstandar til leiken:

1. Krav at det MÅ vera ananas på pizzaen
2. Fråværsgrrensa i vidaregåande er god som den er. Einig/ureining
3. Pepsi Max er betre Coke Cold
4. 16 åringar bør få stemmerett.
5. Apple er betre enn Android!
6. Skal monarkiet avskaffast?
7. Eg er fornøgd med kollektivtilbodet i Hardanger

Lista vert fullført på neste rådsmøte

## INSPIRASJON til HU

Ordfører i Eidfjord Anved Johan Tveit informerte om at han er i kontakt med stortingsrepresentant Kjersti Toppe og at ho kan koma på Hardanger UngdomsTING den 9. mars 2018.

### Vedtak:

**HU byter dato for neste ungdomsrådsmøte og for Hardanger UngdomsTING slik:**

**Hardanger Ungdomsråd i Ulvik torsdag 8. februar 2018**

**Hardanger UngdomsTING i Granvin fredag 9.marsk 2018**

### Diskusjon om tema Ambulanse:

- Kvar står ambulansane som server Hardanger? Dei er flåtestyrt
- Sjekk med utvala kor langt dei er komne i planane sine, for det vert arbeidd med ny plan i desse dagar for korleis dette skal organiserast i framtida
- F. eks er det dårleg planlegging og skriva ut alle pasientane på same tidspunkt på dagen, Med å endra dette vil kapasiteten auka betrakteleg.
- Kvifor kan ikkje ambulanse står der dei stod før?
- Alle er jo i bruk, kvifor må dei stå på sama plass?
- Det må koma krav til responstid på Ambulansar, slik det er for brannbilar.

HU skal diskutera på neste møte kva spørsmål dei vil senda til Kjersti Toppe, som det er ønskjeleg at ho svarar på. Når det er bestemt, sender me dei til henne.

Ordføraren fekk elles spørsmål frå ungdommane om Ambulanse i Eidfjord, Kulturskulen og ny bygdaheim i Eidfjord.

#### TIPS frå Ordføraren:

Ordføraren oppmodar ungdomsrådet å stille spørsmål til stortinget.

Det er kort veg til Stortinget i Norge, dette er veldig bra. Gå via ordføraren eller ein annan politiskar direkte til ein stortingsrepresentant. På den måten kan du få til og stilla eit spørsmål i stortingets spørjetime.

Burde me fremja eit spm om og endra på reglar om fråvær i forhold til politisk arbeid. Både ungdomskule og vgs burde automatisk få fri med lovleg fråvær.

### HU-sak 02/18

#### Folkehelse

Nokre har liknande tilbod. Kan ta det opp ved seinare høve.

### HU-sak 03/18

#### Orienteringssaker / Aktuelle saker for HU

- Orientering frå Hardangerrådet

Ungdomsrådet ønskjer ei slik orientering på sine rådsmøter. Sekretær orienterar.

- Miljø og berekraft.

Skal finna ut om arbeid og planar i eigen kommune til neste rådsmøte. Alle kommunane har mange planar som må skrivast og oppdaterast. Korleis står det til med miljøplanar i din kommune? Kva gjer ein med det grønne skiftet?

- Skulemat

Fleire og fleire skular i ungdomskule og vgs har eit tilbod om mat på skulen. Det spenner frå eit varmt skulemåltid kvar dag, til at det er mogleg å kjøpe noko i ei skulekantine på ungdomskulen. Alle vgs i Hordaland har no eit prosjekt med frukosttilbod til elevane. Ungdomskulane i Kvam tilbyr frukost i eit prøveprosjekt. Det finns fortsatt skular som har skulefrukt, både på barne- og ungdomstrinn, og nokon har ikkje. Elles er tilbod om mat på barneskulane fråverande utanom i Eidfjord, der også barnehageborna får dette måltidet.

- Hardangerambassadørar

Dette skal me sjå meir på. Det er fint og vera ein ambassadør for heimkommunen. Vil laga eige system på kven som kan vera ambassadør, vil ikkje at det skal vera noko «elite» som er det.

- Paintball tevlingar mm

Det hadde vore kjekt og arrangera panitball turnering. Det er banar i Odda og Ulvik HU ha også lyst til å ha f. eks sommaravslutning med Gokart og grilling i Kinsarvik

## **HU-sak 04/18                    Informasjon om arbeid frå den einskilde kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.**

### **Jondal**

Ikkje hatt rådsmøte sidan sist, og ingen nye saker

### **Kvam**

Har jobba masse med budsjett og hatt orientering frå budsjettansvarleg i kommunen. Rådet har skreve uttale til budsjett og teke opp at det burde vore meir fokus på lærlingar innan elektrofag. Kom fram til at ein i byggesaker skulle prioritera bedrifter som har læreplass  
Arbeider for at det skal vera fokus på andre aktivitetar enn ski og fotball.

### **Eidfjord**

Ikkje hatt møte sidan sist, men hadde eit møte der dei diskuterte budsjett. Dei har også skreve uttale til budsjett og fekk gjennomslag for alle sine saker.

### **Ullensvang**

Mangfald i fritidsaktivitetat- prosjekt som er i gang på Utne. Arbeider for at det skal verta noko i Kinsarvik også.  
Røde kors er veldig godt tilbod og har stor rekruttering i Ullensvang.  
Helsesøster tilbod er betre.  
Kollektivtilbod er også betre på nokon ruter.  
Ikkje hatt møte sist halvår, og startar no 31. januar 2018.

### **Ulvik**

Arbeider med oppgradering på ungdomsklubben.  
Idrettsanlegget på Holmen må "vaskast" pga skit frå fuglar. Korleis dei skal få ordna dette er sak.

### **Granvin**

Som kjent skal heradet slå seg saman med Voss. Ungdomsrådet arbeider hardt for å oppretthalda eller iallefall få eigne representantar inn i det nye Voss ungdomsråd.  
Har mål om eit felles møte med Voss ungdomsråd denne våren.  
Ønskjer at Voss vert ein del av Hardanger.

### **Odda**

Val av nytt råd er svært nyleg.  
Dei har lyst og arrangera noko for ungdom, f.eks eit LAN.